



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Hafstadvegen 45
6800 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: April 2011.

Må du vaske golvet i geite bingane?

Dei fleste geitehaldarar har sikker måtte vaske golv i geitebingen for å fjerne fôrrestar og møkk som har festa seg til golvet. Dette kan gjelde både golv av strekkmetall, plastrister og trespaltar. Det finnest også eit golv med namnet komposit som kan sjå bra ut men dette golvet vil eg ikkje rå nokon til å legge i geitebingar. No er det rett nok komen ein ”ny” type som skal vere betre kva angår tilstopping, men eg ville i første omgang vore skeptisk til meir enn å eventuelt prøve den på eit lite areal.

Har sett komposit golv brukt i sauefjøs med eit heilt elendig resultat kva reinhald angår. Når det gjeld komposit golv brukt til geit lyt eg støtte meg på berre ein geitehaldar si erfaring. Han ville ikkje valgt dette golvet om han på førehand hadde vist om utfordringane med reinhaldet.

Uansett strekkmetall eller plast så vil vasking med høgtrykkvaskar medføre mykje sprut av møkk og vatn som ein både får på seg sjølv og elles skitnar til både tak og veggjar i fjøsen. Om vinteren når geitene står inne vil utfordringane vere enno større. Dette er ofte ein jobb som ein kvir seg på.

Løysinga er å skaffe seg ein terrasse-/planvaskar av god kvalitet som passar til høgtrykkvaskaren. Denne held både skit og vatn på plass under seg, så all sprut er borte. I tillegg har den roterande vaskestråle som er gunstig for sjølv vaskeprosessen.

Ei rimelegare men mindre god løysing er å lage eit passe stort hol i botnen på ei plastbøtte som ein snur med botnen opp og stikk spylemunnstykket ned i. Dette vil også fange opp det meste av uønska sprut.

Bilete under, syner ein terrasse-/planvaskar i syrefast stål som er i produktkatalogen til Kärcher. Ved å kjøpe tilpassing (overgang) kan nok denne brukast til andre vaskarar også. Ein må kunne rekne med at om ein investerar i ein slik kvalitet så vil ein vere hjelpen i mange år framover.

